



Referat frå styremøte i Oppland Bygdekvinne lag 18.Mai 2020 kl 19.00-21.00

Møtet foregikk på Messenger, og tilstades var:

Marit Tordhol, Gudrun Hage Høvre, Anne Grethe Moen, Vigdis Amlie-Kristiansen, Mari Marthe Graff Ulsrud, Borgny Sletten, Bjørnhild Kihle (OBL) og Kristine Grimstad Veseth (OBU)

24/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent.

Borgny skriv på rett saksnr. i referatet.

25/20 Runde rundt bordet med litt om kva vi driv med og kva for erfaring vi har.

Alle sa litt om seg sjølv, og vi har eit erfarent styre. Alle har vore/er aktive og alle gler seg til oppgåva i fylkesstyret!

26/20 Konstituering av nytt styre i Oppland Bygdekvinne lag:

| | | |
|--------------------------|--------------------------|-------------------------------|
| Leiar, valgd på årsmøte: | Marit Tordhol | Valt for 1 år. |
| Nestleder: | Gudrun Hage Høvre | Valt som styremedlem i 2 år. |
| Sekretær: | Borgny Sletten | Har att 1 år som styremedlem |
| Studiekontakt: | Anne Grethe Moen | Valt som styremedlem i 2 år. |
| Styremedlem: | Mari Marthe Graff Ulsrud | Har att 1 år som styremedlem. |
| Styremedlem: | Vigdis Amlie-Kristiansen | Valt som styremedlem i 2 år. |

Representant i Bondelaget: Borgny Sletten.

Vara og årsmøterepresentant (2020):

Marit Tordhol.

Representant i Bygdeungdomslaget: Vigdis Amlie-Kristiansen.

Vara og årsmøte representant:

Mari Marthe Graff Ulsrud



Frå desember 2020 går Oppland og Hedmark Bondelag saman til Innlandet Bondelag, og vi har da ei avtale med Hedmark Bygdekvinne­lag om å dele på samarbeidet med Bondelaget.

Fordelinga blir slik: Oppland Bygdekvinne­lag har representanten inn i Bondelaget i 2 år, da har Hedmark Bygdekvinne­lag vara, årsmøte representanten og det er ynskje om at Innlandet Bondelag har representant inn i Hedmark Bygdekvinne­lag. Slik beheld vi så tett dialog med Bondelaget som råd. Etter 2 år, eller ved anna avtale mellom Bygdekvinne­laga, byttes det.

Denne modellen er lagt inn som forslag til vedtektsendring i NBK til landsmøtet 2020.

27/20 Gjennomgang av økonomien.

Vi har mindre utgifter på møter dette halvåret, men samstundes måtte vi betale ein del for årsmøtet vi ikkje fekk gjennomført. Reiserekningar har vi ikkje hatt sidan januar.

I framtida vil fylkeslaget betale alt på større møter (årsmøte/ledermøter osv), for så å sende rekningar til lokallaga i etterkant.

28/20 Arbeidsplan -korleis bruker vi den?

-Vi har tema på årsmøte, regionmøter og ledermøter som står i samsvar med arbeidsplanen.

Fylkesstyret skal vera bindeledd mellom NBK og lokallaga, og dette ynskjer vi å ha fokus på.

Når det gjeld dobbel utsending av mail frå NBK/fylkeslag tek Marit kontakt med Cesilie på kontoret til NBK om dette.

29/20 Ledermøte i haust.

Vi av ventar med å bestemme oss for dette til etter 15.6., for da skal det koma nye retningslinjer frå FHI.

Vi ynskjer ein god debatt om refleksjonsnotatet (om struktur endring i Bygdekvinne­laget), håpar og å få arrangert nokre regionmøter med dette som tema.

Det har ved fleire høve kome ynskje om eit «mini inspirasjonsseminar» og dette vil vi prøve få til. Må finne nokon som vil inspirere oss!



30/20 Bondelaget og Bygdeungdomslaget

Bondelaget sin «Den grønne skolen», på nett, kan brukes i samarbeid med Bygdekvinne laget sitt prosjekt Tradisjonsmat.

Årsmøtet, der fylkesslaga i Hedmark og Oppland skulle bli Innlandet Bondelag er utsett til desember.

Bygdeungdomslaget har vore aktive på nett i denne tida, sidan alle arrangement er avlyst.

Landsstemnet blir i Rogaland til neste år i staden for i sommar.

OBU arr. NBU sitt haustarrangement i år. Dei ynskjer dugnadshjelp, og vi i styret oppfordrar folk til å stille.

31/20 Eventuelt

-Borgny sakna ei runde frå lokallaga, så da kom det under eventuelt:

Generelt er det mindre «vanleg» aktivitet rundt i lokallaga no. Men ser ut til å løsne litt.

Fleire har vore med å sydd smittefrakker, det har vore gått turar med god avstand, fleire var med å laga film til 17.mai, mange gav pengar til lokale korps, og mykje av dei planlagte vår arrangementa er fløtt til hausten.

-Landsmøtet 2020 som skulle vore i Bergen 4.-7. Juni, er flytta til teams.

Alle i styret til OBK er påmeldt til dette, og vi møtes på Lillehammer for felles «landsmøte» der.

Neste styremøte er på messenger 8.6.2020 kl 19.30 for å gå igjennom Landsmøte papira.

Ref.Borgny